

Fra: Ruth Ørnholt (Ruth.Ornholt@hfk.no)

Sendt: 10.10.2017 17:12:07

Til: 'Bjørnar Withbro'

Kopi: Sigrid Furnes

Emne: SV: Tilsagn Bibliotekmidler 2017 -Stord

Vedlegg: image001.png

Hei

Slik eg oppfattar det, er prosjektet ved Stord folkebibliotek i god gjenge, men manglar sluttfinansiering for å gjennomføre prosjektet med ungdomsbibliotek på ein tilfredstillande måte. Meirope bibliotek vil bli realisert i haust.

Søknaden frå Stord om å vere med i Modellbibliotekprogrammet, gjekk både på å bli meirope og på å nytte større del av arealet til ny ungdomsavdeling.

Ut frå opplysningane dine, kan fylkesbiblioteket utbetale løyvinga på kr 100 000 til Stord folkebibliotek i 2017. Stord kommune kan overføre løyvinga til 2018 og nytte løyvinga til ungdomsbiblioteket, dersom det er best i høve til å realisere planane om ny ungdomsavdeling.

Faktura på beløpet kan sendast til Hordaland fylkeskommune. Merk faktura med Modellbibliotekprogrammet: 400.340.00, ressursnr. 10169.

Informasjon om elektronisk faktura finst her:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/innkjop-og-faktura/>

Lukke til vidare med prosjektet!

Venleg helsing

Ruth Ørnholt

Fylkesbiblioteksjef

Kultur- og idrettsavdelinga| fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 70 | Mob: 959 13 398

www.hordaland.no/fylkesbiblioteket

Fra: Bjørnar Withbro [mailto:Bjornar.Withbro@stord.kommune.no]

Sendt: 27. september 2017 13:10

Til: Ruth Ørnholt <Ruth.Ornholt@hfk.no>

Kopi: Sigrid Furnes <Sigrid.Furnes@hfk.no>; Kristine Thorkildsen <Kristine.Thorkildsen@stord.kommune.no>; Gro Solheim <Gro.Solheim@stord.kommune.no>; Knut Johannes Gram <Knut.Johannes.Gram@stord.kommune.no>; Ole Tufteland, dy. <Ole.Tufteland@stord.kommune.no>

Emne: Tilsagn Bibliotekmidler 2017 -Stord

Viser til brev 26.1.17.

Stord folkebibliotek vil i haust vere mykje opptatt med å realisere meirope bibliotek. Vier på det næraste ferdig med prosjektet, men skal ha ymse installasjonar no i oktober og framover.

Det vert for mykje arbeid å gjere god og konstruktiv planlegging også av ungdomsavdeling *samstundes*. Her har vi eit godt utgangspunkt i det interiørarkitektmaterialet vi har, og i den planlegginga som alt er gjort.

Interiørarkitektens sluttsum er på ca. kr. 404 000. Etter opphavelige teikningar skal også murveggar

fjernast.

Eit grovt overslag her er kr. 50 000-100 000. Det er såleis eit stort misforhold mellom summen vi har disponibel og kostnaden. Biblioteket har innarbeidd kr. 200 000 i framlegget til budsjett 2018 , og vi vil elles sjå kva som vert disponibelt når meirope er gjennomført.

Samla sett vil vi få betre oversyn for jobben med ungdomsavdeling ved byrjinga av 2018, og vi søker derfor om overføring av løyvinga på kr. 100 000 til 2018. Budsjett-teknisk vil dette bli gjort i Stord kommune, eventuelt.

Viser elles til samtale med Sigrid Furnes om saka 26.10.

VI ber om skriftleg attendemelding i saka.

Med helsing Bjørnar Withbro/biblioteksjef Stord kommune